

## Utgreiingsprosjekt om kulturarvinstitusjonanes samfunnsrolle

### Bakgrunn – eit forsømt forskingsobjekt

Kulturvernutvalet viser til strategiplan på kulturvernfeltet for perioden 2006-09, der følgjande er trekt fram som eitt av i alt sju satsingsområde:

- syte for auka debatt og refleksjon rundt kulturvernets og kulturarvinstitusjonars vilkår, verdigrunnlag, ideologi og samfunnsrolle, og mellom anna ta initiativ til ei utgreiing med særleg vekt på kulturarvinstitusjonanes samfunnsrolle

Til dei fleste kunststartar Kulturrådet har befatning med, er det knytta akademiske disiplinar og forskning ut frå eit samfunnsmessig perspektiv. Kunsten er langt på veg gjort til gjenstand for systematisk kunnskapsutvikling og kritisk refleksjon og debatt rundt grunnlagsproblem. Dette metaperspektivet - blikket utanfrå - er av stor betydning for utviklinga av kunsten og dei ulike kunstfelta isolert. Utgangspunktet for rådets satsing slik det er nedfelt i fireårsplanen til kulturvern, er behovet for tilsvarande kunnskapsproduksjon og forskning på grunnlaget for verksemda ved kulturarvinstitusjonar i Noreg. Initiativet må òg sjåast i lys av nyare forskning internasjonalt, der det finst fleire døme på omfattande undersøkingar av m.a. kulturarvinstitusjonar som idé og medium, deira ideologiske grunnlag og strategiar for formidling. Jamfør m.a. boka/rapporten Ny dansk museologi, som kom ut ultimo 2005.

Kulturvernutvalet meiner det er viktig at liknande undersøkingar blir gjennomført snarast råd også i Noreg, dels på bakgrunn av behovet for innspel til framtidige praksisar i kjølvatnet av den omfattande museumsreformen. Det er dessutan trong for eit konkret idégrunnlag til framtidig tverrfagleg forskning. Teksten under er henta frå Kulturrådets innspel til Noregs forskingsråd til nytt humanistisk program for kulturforskning (oversendt i mai 2006):

”På kulturvernfeltet trer det fram som en spesiell utfordring at forskningen rundt kulturarv og kulturarvinstitusjonenes rolle i samfunnet er mangelfull. Dette er urovekkende i lys av autoriteten særlig museene har som hoveddelen av det kollektive minnet i samfunnet, og posisjonen disse institusjonene har som medier i dialog med et komplekst samfunn preget av rask endringstakt, internasjonalisering og kulturell pluralisme. Behovet for metaperspektiver på ABM-sektorens institusjonelle vilkår, verdigrunnlag, ideologi og samfunnsrolle er presserende, og bør ivaretas innenfor rammen av et nytt kulturforskningsprogram.”

I opptakten til utgreiingsprosjektet har Kulturvernutvalet funne det naturleg å samarbeide med ABM-utvikling, som m.a. arbeider for å setje kulturarvinstitusjonane i stand til å møte nye utfordringar i samfunnet. Kulturrådet har lagt vekt på ein tett dialog med ABM-u i form av møter på vårparten og sommaren 2006, der planane om ei utgreiing har vore drøfta. ABM-u ser positivt på initiativet, og vil setje av midlar til eit forprosjekt i spleiselag med Kulturrådet. Kulturrådet har i møterekkja vore representert ved Roger Erlandsen frå Kulturvernutvalet og Ellen Aslaksen/Stig Johan Kalvatn frå administrasjonen.

## Førebels avgrensing, mål og aktuelle problemstillingar

Kulturvernutvalet legg til grunn at det i Noreg er ein tydeleg mangel på forskning kring grunnleggjande spørsmål om kulturarvinstitusjonar og deira funksjon og rolle i samfunnet. Det er behov for ein grundig gjennomgang av institusjonanes idé-/verdigrunnlag og praksisar, og ei kartlegging av utfordringane dei møter i lys av trekk ved samfunnsutviklinga i dag. Musea og arkiva i Noreg, særleg dei kulturhistoriske musea, er dei viktigaste målgruppene for Kulturrådets arbeid med kulturvern. Utgreiinga blir difor spesielt konsentrert om desse to institusjonstypene.

Merksemda i utgreiingsprosjektet bør rettast mot dei mange rollene kulturarvinstitusjonane har i samfunnet, ikkje minst som aktørar i utviklinga av eit aktivt demokrati og som kjelder til kunnskap og oppleving. Kulturarvinstitusjonar kan dessutan fremje sosial inkludering og synleggjere kulturelt mangfald, dei driv formalisert og uformalisert læring, og kan fungere som viktige møteplassar i lokalsamfunna m.m.

I lys av det som er nemnt over, trer det fram som overordna mål for utgreiingsprosjektet at sluttproduktet skal

- 1) synleggjere kulturarvinstitusjonanes rolle som forvaltarar av den historiske dimensjon i samfunnsutviklinga
- 2) utgjere eit kunnskapsgrunnlag for kulturarvinstitusjonanes framtidige praksis
- 3) stimulere til nye virkemiddel og intern debatt og refleksjon i institusjonane
- 4) utgjere eit idégrunnlag for framtidig tverrfagleg forskning på området

Internt i Kulturrådet og i møterekkja med ABM-u, har følgjande aktuelle problemstillingar for utgreiinga vore drøfta:

Kvifor og korleis organiserer eit samfunn institusjonelle uttrykk som museum og arkiv? Korleis samhandlar og kommuniserer slike institusjonar med samfunnet rundt seg? Og kva sosiale og samfunnsmessige roller og funksjonar blir dei tillagt i samtida? Utgreiinga må òg kaste lys over materialet som blir innsamla og bevart i slike institusjonar. Delar av dette materialet vil publikum "møte" gjennom institusjonanes arbeid med tilgjengeleggjing og formidling. Kva strategiar legg institusjonane til grunn når dei vel ut kva som skal samlast inn og bevarast for ettertida? Korleis og med kva føremål blir materialet systematisert, skildra og dokumentert? Kva delar av innsamla materiale blir tilgjengeleggjort for eit publikum, og korleis skjer denne formidlinga?

## Forprosjektet

Det er nedfelt i Kulturrådets verksemdsplan på kulturvern for 2006, at arbeidet med ei utgreiing bør starte i år. Kulturvernutvalet vurderer det ikkje desto mindre som naudsynt med ein forprosjektfase, m.a. for å konkretisere objekt og problemstillingar. Forprosjektet bør såleis leggje vekt på å klargjere overordna perspektiv/problemstillingar i gjennomføringa av sjølve utgreiinga. Det er òg behov for å kartleggje idéar som er nedfelt i eksisterande politiske dokument, først og fremst i St.meld. nr. 22 (1999-2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving* (ABM-meldinga), men òg i St.meld. nr. 48 (2002-2003) *Kulturpolitikk fram mot år 2014* (Kulturmeldinga). Dei fruktbare framtidsperspektiva for kulturarvinstitusjonane i desse meldingane, samsvarer etter måten lite med røynda i dag. Det er viktig at dette forholdet blir synleggjort og problematisert alt i forprosjektet.

Kulturvernutvalet foreslår at forprosjektet blir starta så tidleg som råd hausten 2006, og at det blir gjennomført innafor ei ramme på tre månadsverk for utgreiar. Kulturrådet og ABM-u har drøfta aktuelle forskingsmiljø og fagpersonar i Noreg med relevant kompetanse som kan stå føre forprosjektet i samarbeid med ei referansegruppe. Sosialantropolog Tone Fredriksen Ydse, no tilsett ved Institutt for språk- og kommunikasjonsstudiar ved NTNU i Trondheim, har peika seg ut som ein kandidat med ytterst relevant bakgrunn. Hennar noverande tilsettingsforhold gir òg høve til å gå inn i ein forprosjektfase i halv stilling alt f.o.m. oktober 2006, dersom Kulturrådet gir opning for det.

Kulturvernutvalet ser det som ønskjeleg at aktuell utgreiar blir engasjert i 50 % stilling frå 1. oktober i ein forprosjektfase over 6 månader, og at det blir oppretta ei referansegruppe med fire medlemmer. Målet er at referansegruppa driv fram forprosjektet i tett samarbeid med utgreiar, som òg vil ha funksjon som sekretær for gruppa. I tillegg til ein representant frå høvesvis Kulturrådet og ABM-u, bør referansegruppa bestå av to eksterne representantar med relevant forskarkompetanse. Roger Erlandsen frå Kulturrådet og Randi Ertesvaag frå ABM-u er aktuelle kandidatar frå institusjonane som har tatt initiativ til utgreiinga.

Kulturrådet vil stille sine lokale til disposisjon til samlingar/møter mellom utgreiar og referansegruppe, medan utgreiar syter for førebuing/innkalling og fagleg oppfølging. Forprosjektfasen skal munne ut i ein prosjektskisse på 25-30 s som forutan den reint faglege dimensjonen, inkluderer klare planar for praktisk gjennomføring, organisering, framdrift, kostnadsrammer og finansiering av eit hovudprosjekt over maksimalt tre år.

## Budsjett forprosjekt

Honorar/løn til utgreiar (ltr. 52)	kr 150 000*
Møter/samlingar referansegruppa – inkl. oppstartmøte og sluttseminar	kr 60 000
Reiser og andre utgifter	kr 60 000
Trykking/utgiving av rapport	kr 30 000
-----	-----
Totalt	kr 300 000
-----	-----

\* Utgreiaren som er foreslått vil kunne gå inn i 100 % stilling i sluttfasen.

## Finansiering

Norsk kulturråd (kulturvern)	kr 150 000
ABM- utvikling	kr 150 000

Fagleg utval for kulturvern  
Oslo, 05.09.2006